



Kjell Mogen
Tveiten 50
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5655 - 22/57024

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
14.07.2022

Fritak frå kravet om gjødselplan - gbnr 46/1- 46/3 og 46/4 Tveiten

Administrativt vedtak: Saknr: 780/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 14.07.2027 for GBNR 46/1, GBNR, 46/3 og GBNR 46/4 då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld :

Føretaket Kjell Mogen har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 46/1-46/ 3 og 46/4. Drifta er 26 vinterfora sauer som går ute heile året. Driftforma er utegangardrift.

Føretaket eig 59 daa innmarksbeite, 22 daa overflatedyrka og 2 daa fulldyrka mark. Føretaket kjøper inn 350 kg fullgjødsel 18-3-15 som vert spreidd på innmarksbeitet.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på innmarksbeitet					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
350	18-3-15	59 daa	innmarksbeite	5,9	1,06	0,177	0,885

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum .
GDE=0

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0) og har stort areal i høve til dyretalet.

Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 22/5655 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjell Mogen

Tveiten 50

5957

MYKING